



Arkivnr: 2015/11975-1

Saksbehandlar: Tale Halsør

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.01.2016

Miljøprogram 2016

Samandrag

Framlegget til Miljøprogram for 2016 inneheld midlar til ulike satsingar innan miljø- og berekraftfeltet i samsvar med tidlegare praksis. Tilgjengelege midlar for 2016 er kr 750.000. Denne saka gjer framlegg om disponeringa av post 716.1 Miljø i fylkesbudsjettet for 2016.

I saka vert også arbeidsgruppa for miljøprisen oppnemnt.

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet vedtek Miljøprogrammet for 2016, og fordelar disponible midlar under post 716.1 Miljø for 2016 slik:

Miljøpris	kr 65.000
Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag	kr 200.000
Tilskot til miljø- og klimaprojekt	kr 485.000
SUM	kr 750.000

Fylkesrådmannen vert gjeve løyve til å gjere mindre justeringar i budsjettet ved behov.

2. Følgjande frå utval for kultur, idrett og regional utvikling vert oppnemnt til arbeidsutval for miljøpris

1.....

2.....

3.....

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

1 Miljøprogram 2015

Fylkesrådmannen, 23.11.2015

FN-konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro i 1992 vedtok Lokal Agenda 21. Dermed vart lokale styresmakter, lokalsamfunn og frivillige organisasjonar verda over utfordra til å bli blant hovudaktørane i arbeidet for ei berekraftig utvikling. Sidan den tid har Hordaland fylkeskommune årleg utforma miljøprogram for å fremje lokalt engasjement for eit miljøvenleg og berekraftig samfunn.

1. Miljøprogram 2016

I budsjett for 2016 er det vedteke følgjande:

«Posten har to delar: Miljøprisen som vert utdelt på fylkestinget i mars, og Miljøtilskot som vert tildelt administrativt etter utlysing. Miljøprisen er på kr 50 000. Etter vedtak i Fylkesutvalet er kr 200 000 øymerka til tilskot til miljøorganisasjonar med fylkeslag. Midlane blir nytta til konkrete miljøtiltak i lokalsamfunn i heile fylket. Budsjettposten var i 2015 på kr 761 000. For 2016 fører fylkesrådmannen opp kr 750 000.»

1.1. Miljøpris 2015

Ei arbeidsgruppe på tre politikarar går gjennom lista over aktuelle kandidatar og gjev ei tilråding til kultur- og ressursutvalet som gjer vedtak om miljøprisvinnar. Prisutdelinga vert lagt til fylkestingsmøtet i mars, med utvalsleiar som den som står for overrekkinga. Prisen er ein sjekk på kr 50.000 kr. I tillegg til prisen er det kostnader til annonsering, blomar, diplom m.m. Det er behov for å utnemne tre politikarar til arbeidsgruppa for inneverande valperiode.

Budsjett 2016: kr 65.000

1.2. Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag 2016

Etter politisk vedtak er 200.000 kr øymerkt miljøorganisasjonar med fylkeslag. Dette går til driftsstøtte til organisasjonane. Fleirtalet av organisasjonane søker også om støtte til konkrete prosjekt eller tiltak gjennom ordninga med tilskot til lokale miljø- og klimatiltak.

Budsjett 2016: kr 200.000

1.3. Tilskot til lokale miljø- og klimatiltak 2016

Dei lokale prosjekta rettar seg mot lag og foreiningar, kommunar, bedrifter eller andre som i fellesskap ønskjer å medverke lokalt til ei miljøvenleg utvikling som fremjer berekraft. Det er vesentleg at ein samarbeider og utvikler felles forståing og vilje til å finne lokale løysingar på staden det gjeld og å avklare prosjekta med kommunen sjølv om det varierer i kva grad kommunen er direkte involvert i desse prosjekta. Opp gjennom åra har prosjekta variert frå å leggje til rette stigar i naturen og vassdragsrestaurering, til biobrenselbasert nærvarmeanlegg, miljøfyrtårnsertifisering, nabohjelp, sykkelveg rundt Vangsvatnet og Landåsprosjektet for berekraftig liv.

Budsjett 2016: kr 485.000

2. Forslag til disponering av post 716.1 Miljø i 2016

Miljøpris	kr 65.000
Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag	kr 200.000
Tilskot til lokale miljø- og klimatiltak	kr 485.000
SUM	kr 750.000

Det er føremålstenleg at fylkesrådmannen får høve til å gjere mindre justeringar mellom hovudpostane ved behov.